KOPI

DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Saknr. 200800575 Dok.nr. 8
17 MARS 2008
Arkivnr. 027 Saksh. MTOK
Eksp.
U.off. (X 200703590)

Hordaland fylkeskommune
v /Magnus Vestrheim
Postboks 7900
5020 BERGEN

| Dykkar ref | Vår ref | Dato |
|---|---|---|
| 200703590-15/8/GRAD | 08/102- KD | 14.03.2008 |

**Betre kollektivtransport i distrikta - Tildeling av midlar for 2008**

Vi viser til brev frå Hordaland fylkeskommune datert 11. januar 2008 og 28. januar 2008, med søknad om støtte til gjennomføring av prosjekt for betre kollektivtransport i distrikta.

Samferdseldepartementet har vedteke å overføre <u>kr 810.000 for 2008</u> fordelt på prosjekta:

- Kr 500.000 til Vestlandsrådet til nytt gjennomgåande ekspressbusstilbod langs E39 Kyststamvegen.
- Kr 310.000 til utprøving av tingingstransport mellom heim og kommunesenter i kommunane Odda, Ullensvang og Eidafjord.

I brev av 8. oktober 2007 frå Samferdselsdepartementet står det at målet med ordninga er å leggje til rette for ei styrking og kreativ utvikling av kollektivtransporten i distrikta, gjennom t.d. betre innretning av produksjonen og betre samordning mellom ulike transporttilbod m.m. Vi viser elles til retningslinene for ordninga (vedlagd).

Prosjekta skal rapporterast og evaluerast, og erfaringsutveksling mellom fylka er ei viktig målsetjing. Vi vil kome tilbake med nærmare informasjon om dette seinare.

Vi gjer merksam på at løyving av midlar for 2008 ikkje er nokon garanti for løyving i seinare år. Fylka som mottek midlar for i år, bør derfor ha ein strategi for korleis langsiktige tiltak skal førast vidare i komande år uavhengig av midlar frå prosjektordninga.

Vi ber snarast opplyst kor utbetalingane skal gjerast. Meld frå på e-post til: <u>kristin.dahle@sd.dep.no</u>

| Postadresse: | Kontoradresse: | Telefon | Transportavdelingen | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 8010 Dep | Akersg. 59 | 22 24 90 90 / 22248241 | Telefaks: | Kristin Dahle |
| 0030 OSLO | | Org. nr.: | 22 24 95 73 | 22 24 83 04 |
| | | 972 417 904 | | |

Det blir teke atterhald om at Riksrevisjonen eller departementet får høve til å kontrollere at midlane vert nytta etter intensjonen.

Med helsing

Anne Brendemoen e.f.

Kristin Dahle

**Vedlegg**

**Kopi til:**
Vestlandsrådet